

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval     | Type | Dato       |
|----------|-----------|------|------------|
| 003/2017 | Valstyret | PS   | 16.03.2017 |

| Sakshandsamar             | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|---------------------------|--------------|--------------|
| Monika Soltveit Gabrielli | 16/850       | 17/2557      |

### Tid og stad for røystegjeving under valtinget 2017

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

I følgje vallova § 9-3 2. ledd er det valstyret som avgjer kvar røystegjevinga skal gå føre seg og fastset tid for røystegjevinga. Ein skal melda endringar i kretsinnendinga for matrikkelføring innan 31. mars i valåret. I vallova har Stortinget vedteke at sluttid for røystegjevinga valdagen er seinast kl. 21.00.

Rådmannen vurderer røystekrinsane til ikkje å vera så store at det er trong for å halda ope til kl. 21.00. I tillegg har det, lokalt og på landsbasis, vore ei generell auke i tal veljarar som førehandsrøyster.

Rådmannen rår til at røystelokala i kommunen har same opningstid som i 2015, frå kl. 12.00 - 20.00.

Skulane i dei ulike krinsane har vorte nytta som røystelokale på valdagen. På grunn av krav om universell utforming vart Manger skule erstatta med Radøyhallen i 2011. Erfaringane har vore at idrettshallen er eit godt eigna lokale.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Ved stortingsvalet i 2017 skal røystegjevinga på valdagen 11. september vera frå kl. 12.00 til kl. 20.00 i alle vallokala i Radøy kommune.
2. Følgjande stadar vert godkjende som røystelokale:

| Krins   | Røystelokale           |
|---------|------------------------|
| Sæbø    | Gymsalen Sæbø skule    |
| Manger  | Radøyhallen            |
| Hordabø | Gymsalen Hordabø skule |

Austebygd

Gymsalen Austebygd  
skule

### **Valstyret - 003/2017**

#### **VAL - handsaming:**

#### **VAL - vedtak:**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Ved stortingsvalet i 2017 skal røystegjevinga på valdagen 11. september vera frå kl. 12.00 til kl. 20.00 i alle vallokala i Radøy kommune.
2. Følgjande stadar vert godkjende som røystelokale:

#### **Krins**

#### **Røystelokale**

Sæbø

Gymsalen Sæbø skule

Manger

Radøyhallen

Hordabø

Gymsalen Hordabø skule

Austebygd

Gymsalen Austebygd  
skule